

Jnr. 1192.13
OHH/gjg

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Høring – NOU 2013:9 Eitt politi – rusta til å møte framtidens utfordringar

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er regionråd for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Samarbeidsrådet har drøfta NOU 2013:9 Eitt politi – rusta til å møte framtidens utfordringar og ønskjer å koma med følgjande uttale:

Oppsummering

- Haugaland og Sunnhordland politidistrikt sitt nedslagsfelt mellom Bjørnefjorden i Hordaland og Boknafjorden i Rogaland utgjer eit naturleg geografisk beredskapsområde. Regionsmodellen med eit stort distrikt på Vestlandet vil difor vera det mest hensiktsmessige av dei forslaga som er lagt fram.
- Dei økonomiske effektane av tiltaka som er skildra, bør kvalitetssikrast og setjast inn i ein større samanheng for samfunnet totalt sett.
- Konklusjonane vil føra til at me får eit anna politi enn det me har i dag jfr. Politirølemeldinga. Det er uheldig at dette ikkje er vurdert i analysen. Spørsmålet om kva politi Noreg skal ha, bør ligga til grunn før ein tek fatt på prosessen vidare.
- Framdriftsplanane for gjennomføring av tiltaka synes å vere ambisiøse. Det viktigaste i denne samanhengen er at omstillingsprosessen vert grundig utført.
- Nokre av utvalet sine konklusjonar er bygd på oppfatningar som synes lite dokumenterte. Det burde kunne vore vist til meir forskning for at ein skal vere trygg på at nye løysingar er kunnskapsbaserte og framtidsretta.

UTVALET SITT ARBEID

Utvalet sitt mandat var å gjennomføra ein politianalyse, som skal danna grunnlag for ein langsiktig plan for vidareutvikling av etaten. Bakgrunnen for utvalet sitt arbeide er at politiet i dag er under eit betydeleg endringspress, og utviklingstrekk i samfunnet utfordrar den noverande norske politimodellen og stiller nye krav til kva som er god polititeneste. Politianalysen skulle peika på forslag til forbedringspunkt og tiltak for å leggja til rette for betre oppgåveløysingar og meir effektiv ressursbruk i politiet.

Utvalet føreslår på mange område eit nytt og annleis politi. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at utvalet burde i sine konklusjonar drøfta nærare konklusjonane i Stortingsmelding nr. 42 (2004-2005) Politiets rolle og oppgåver (politirollemeldinga) som dagens politi byggjer sin verksemd på.

Utvalet tilrår at det vert gjennomført to reformer i norsk politi: ein strukturreform og ein kvalitetsreform. Føremålet med strukturreforma er å styrkja politiet sin innsats mot kjerneoppgåvene, byggja robuste politidistrikt og sikra eit lokalt politi med gode føresetnader for å driva effektiv førebygging, sikra lov og orden og tilby ei god polititeneste lokalt.

Utvalet konkluderer med at ein stor organisasjon med 6 robuste politidistrikt, vil verta meir robust enn dagens ordning. Etter vår meining har ikkje utvalet lagt fram/utgreidd tilstrekkeleg dokumentasjon for at store politidistrikt er meir robust enn mindre. Her bør utvalet sitt arbeid kvalitetssikrast.

Utvalet har i liten grad teke opp og drøfta grensedragningar og samhandling med andre beredskapsetatar. Etter vårt syn må dette greiast ut nærare.

Analysen viser til utfordringane til politi i andre land i Europa og byggjer i stor grad på utviklingstrekk som har skjedd der. Det er vanskeleg og vera usamd i deler av dette, men vår geografi er annleis enn dei landa som me vert samanlikna med. Særleg i høve til fjord- og fjellovergangar og dermed avstandar, som tidvis skapar vesentlege utfordringar med omsyn til beredskap.

Politianalysen skil ikkje mellom det som fungera bra og det som ikkje fungera bra. Me meiner at analysen ikkje gir eit rett inntrykk dagens situasjon. Inntrykket ute i våre kommunar er at mykje fungerer bra. Det er viktig i ein slik prosess at ein ikkje berre analyserer det som ikkje fungerer, men og at ein tar grundig stilling til kva som fungerer og kva ein vil ha med oss på vegen vidare.

Det er og vår oppfatning at når hovudfokus vert retta mot manglande beredskap, kan ikkje dette løysast åleine gjennom strukturelle forslag. Bemanning har så langt vore den viktigaste faktoren, jfr. Bemanningsrapporten: Politiet mot 2020 - Bemannings- og kompetansebehov i politiet frå 2008.

UTVALET SINE HOVUDANBEFALINGAR

Auka vekt på kjerneoppgåvene

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er samd i at ein reduksjon av oppgåvene vil føra til eit større fokus på kjerneverksemda. Likevel må det vera mogleg å drøfta dette i lys av erfaringar me har hatt med dagens oppgåvetilfang. Skal me ha eit desentralisert politi, kan det vera argument som taler for eit breiare oppgåvespekter. Det er i denne samanheng

viktig at politiet si rolle vert vurdert jfr. tidlegare omtale av Politirollemeldinga, då endra oppgåvesett vil endra politiet sitt grunnpreg.

Tidlegare undersøkingar syner at politiet utfører oppgåvene effektivt og rimeleg for samfunnet. Det er heller ikkje andre statsinstitusjonar som har publikumsbetjening så geografisk spreidd som politiet har. Dersom ein skal byrja med og byggja opp nye statlege institusjonar lokalt, vil dette vera ressurskrevjande.

Nokre av oppgåvene er foreslått overført kommunane. Det vil heller ikkje kunne skje utan monalege ressursoverføringar til kommunane. I tillegg synes nokre av forslaga etter vår meining å vera lite gjennomtenkt. Til dømes kan me ikkje sjå at det kan vera formålstenleg at kommunane skal ha ansvar for å ta vare på rusa personar. Totalt sett ser det ut til at endringa vil innebere etablering av nye strukturar som aukar dei offentlege utgiftene.

Ny struktur

Dagens ordning med Haugaland og Sunnhordland politidistrikt har etter kommunane si meining fungert tilfredstillande. Dette var eit distrikt som oppstod i samband med politireform 2000. Distriktet si grense vart trekt på tvers av etablerte fylkesgrenser. Med endra infrastruktur kan det og vera naturleg å sjå på om politidistrikta i framtida skal følgja fylkesgrensene.

For oss vil regionsmodellen med eit stort distrikt på Vestlandet vera det mest hensiktsmessige av dei forslaga som er lagt fram. Først og fremst på grunn av at vårt distrikt har eit naturleg nedslagsfelt både i Hordaland og Rogaland. Ei organisering der dei to fylka ikkje høyrer til i same politidistrikt, vil føra til ei grensedragning i dette området som vil splitta opp eit naturleg beredskapsområde.

Utvalet har stor tiltru til funksjonell organisering. Etter vår oppfatning går ein litt langt i å tru at funksjonar i større grad enn regionalt ansvar er løysinga. Kommunane si erfaring med geografiske driftseiningar er stort sett positive.

Det er nemnt ein del om styrking av lokalpolitiet gjennom auka politibemanning og færre små einingar. Me er usikre på om utvalet har funne balansepunktet mellom tal på einingar og geografiske tilhøve. Me saknar her ei breiare drøfting rundt utbytte og praktisk gjennomføring av auka bilpatruljering mot færre geografiske einingar. Våre innspel i dette høvet er at lokal detaljorganisering må avgjerast på lokalt nivå. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil presisera kor viktig det er med lokal kjennskap og tilknytning.

Kvalitetsreform

Gjennomføring av kvalitetsreformen skal gi betre styring og styrkja leiing, betre kvalitet og prestasjonar. Endringane inneber ei tydeleggjering av rolle-, ansvar og kompetanse, utviding av fullmakter, reformera styringsprosessane og utviklingsarbeidet i og av etaten. Utvalet legg opp til at som del av kvalitetsreformen skal det etablerast felles støttetenester nasjonalt, sparing på innkjøp, teknologisatsing og effektivisering av kjerneoppgåver. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har ingen merknader til at det vert arbeidd vidare med kvalitetsreformen.

Økonomi

Me meiner at tilrådingane for dei økonomiske effektane som utvalet føreslår er skjematisk og lite eigna å støtta seg til. Det vil vera av større verdi å sjå på tilsvarande endringar i offentleg sektor, og bruka dei erfaringane ein har derfrå.

Sunnhordland, 30. september 2013

Liv Kari Eskeland
Styreleiar
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar